




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Rettleiar

-for ein trygg og god overgang til vidaregåande skole for ungdom med stort fråvær



Innhald

| | |
|----------------------------------|----------|
| Forord | 2 |
| Innleiing | 3 |
| Nivådifferensierte tiltak | 4 |
| Universelle mål | 5 |
| Målretta tiltak | 7 |
| Intensive tiltak | 11 |

Forord

Overgangen frå grunnskole til vidaregåande skole er ein viktig og avgjerande periode i elevane sitt liv. Denne overgangen inneber både faglege, sosiale og emosjonelle utfordringar, og det er derfor viktig at både ungdomsskolar og vidaregåande skolar samarbeider tett for å sikre at kvar elev får ein god start på sitt vidaregåande skoleløp.

I denne rettleiaren blir det presentert retningslinjer og tilrådingar for korleis overgangen kan handterast på best mogleg måte. Rettleiaren er utarbeidd av arbeidsgruppa for kvalitet i PPT, og han er retta mot lærarar, rådgivarar, rektorar og PPT-rådgivarar i både ungdomsskole og vidaregåande skole. Samarbeidet skal bidra til at elevane føler seg trygge, motiverte og forberedde til vidaregåande opplæring.

Rektorar har hovudansvaret for å legge til rette for ein smidig overgang, og i denne rettleiaren finn de konkrete råd og tiltak som kan bli implementerte i det daglege arbeidet. Rettleiaren er eit verktøy for å styrke samarbeidet mellom skolane og for å sikre ein heilskapleg og individuell tilnærming til kvar elev sitt behov.

Målet med rettleiaren er å bidra til ein meir strukturert og målretta overgang, som gir elevane dei beste moglegheitene for å lukkast i vidaregåande opplæring.

Vi håpar denne rettleiaren vil vere nyttig i arbeidet med å skape ein god og føreseieleg overgang for elevane, og ser fram til at skolane tek han i bruk for å fremme elevens beste.

Med venleg helsing,

Møre og Romsdal fylkeskommune

Arbeidsgruppe for kvalitet, PPT

Innleiing

Denne rettleiaren er meint for skolane og laga rundt elevar med stort fråvær. Målet er å skape ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring for desse elevane. Opplæringslova § 9-5 legg føringar for samarbeid mellom ungdomsskolen og vidaregåande skole i overgangen:

«Fylkeskommunen skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa. Kommunen skal samarbeide med fylkeskommunen om overgangen.»

Møre og Romsdal fylkeskommune sine rutinar i *Informasjon om overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring* trekker fram følgande moment for ein trygg overgang:


- Ungdommen og foreldre opplever overgangen som føreseieleg, og ungdommen veit kva dei kan forvente når dei begynner
- Fylkeskommunen er forbereddd på erfaringar ungdommane har med seg frå grunnskolen og samarbeider med kommunen om gode rutinar for overføring av opplysningar
- Eleven sitt beste skal være eit grunnleggande omsyn, og retten til medverknad skal illeggas stor vekt.

Vidare kjem vi inn på kva dette kan bety for elevar med stort fråvær.

Med **stort fråvær** meiner vi *«Fravær fra undervisningen og det sosiale fellesskapet i skolen, gyldig eller ugyldig, av et omfang/en hyppighet som medfører bekymring knyttet til elevens faglige utvikling, samt elevens sosiale tilhørighet og utvikling» (Ingul, 2011).*

Overgang er i denne rettleiaren definert som perioden frå eleven startar på 10. trinn og fram til oppstart i vidaregåande opplæring. Vidaregåande skolar og ungdomsskolar vil samarbeide på systemnivå om hausten i 10. trinn og på individnivå våren 10. trinn. Dette gir moglegheit for individuell tilrettelegging når det gjeld omsyn til eleven sine unike utfordringar og gjer det føreseieleg for elevar, foreldre, avgivar skole og mottakar skole.

Nivådifferentierte tiltak



Tiltakspyramide i fráværarbeid: Det er venta aukande kompleksitet og mengde frávær jo høgare ein kjem i pyramiden og derfor aukande krav til tiltak. Universelle tiltak er retta mot alle. Målretta tiltak er retta mot elevar med bekymringsfullt frávær. Intensive tiltak er retta mot elevar med stort og komplekst frávær.

Tabellane under tek utgangspunkt i tiltak som ein tenker fremmar ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande skole. Dei ulike tiltaka har forslag til ansvarsfordeling av oppgåver og oppfølging. Det kan variere på dei ulike skolane kven som utfører oppgåvene, alt etter stillingsressursar og rutinar på skolane. Grøn tabell beskriver universelle tiltak som alle elevar deltek i. Gul tabell inneheld målretta tiltak for elevar med bekymringsfullt frávær, og rød tabell omhandlar intensive tiltak for elevar med komplekst frávær.

Universelle tiltak er inkludert i denne oversikta for å gi eit overblikk over kva aktivitetar alle elevar i skolen får tilbod om, og for å synleggjere kva elevar med stort frávær kan ha mista. Elevar som ikkje har kunna delta i dei universelle tiltaka, eller sårbare elevar som for eksempel elevar med autismespektervanskar, vil følgeleg ha behov for tiltak på sitt nivå, enten målretta eller intensive tiltak.

Elevar med stort frávær kan også oppleve mangel på tilhøyrslø og svakare relasjonelle band til lærarar og medelevar. Skolen trenger meir tid for å kome i posisjon og bygge ein relasjon til desse elevane i tillegg til nivådifferentierte tiltak.

Følgande forkortingar er brukt i tabellane

- ITO: individuelt tilrettelagt opplæring
- USK – ungdomsskole
- VGS – vidaregåande skole
- VGO – vidaregåande opplæring
- OT – Oppfølgingstenesta
- PPT – pedagogisk psykologisk teneste
- BUP – Barne- og ungdomspsykiatrien
- IOPsky – skylagringsteneste for individuell opplæringsplan

Universelle mål

Universelle mål og tiltak – for alle elevar

Mål 1: **Eleven si stemme** blir vektlagt ved innsøking til VGO.

Legg vekt på karriererettleiing som bidreg til at eleven kan ta kvalifiserte val på bakgrunn av tilstrekkeleg kunnskap om innhaldet i utdanningsprogramma.

Mål 2: Sikre ein **føreseieleg overgang** ved å forberede eleven på kva som møte hen på skolen når det gjeld oppmøte, opplæring, rettigheter og plikter.

Mål 3: Sikre at fylkeskommunen(VGS) **er forberedt på erfaringar ungdommane har med seg** frå grunnskolen gjennom gode samarbeidsrutinar for informasjonsutveksling.

Mål 1 og 2: Eleven si stemme og føreseieleg overgang

| Kva | Korleis | Kven | Når |
|---|---|--|---------------------|
| Førebuingar for elevane i ungdomsskolen | Utdanningsval Karrieredagar Hospitering i VGO Orientering til elevane om tilboda i VGO Rettleiing om korleis søke VGO – ordinært inntak (ulike lokale tilbod, for eksempel open skole) | Lærer USK Fylkeskommunen Rådgivar / avdelingsleiar / andre VGO Rådgivar USK | USK Aug- mars |

| | | | |
|--|--|---|---------------------|
| Skoleoppstart | Støtte seg til gode forskingsbaserte tiltak for gode læringsmiljø VIP makker/ Faste plassar FuelBox/bli kjent Foreldremøte Elevsamtalar Utviklingsamtalar | Lærarar, rådgivar, avdelingsleiar, miljøretteleiar. | VGO Aug- okt |
| Mål 3: Informasjonsutveksling og erfaringar | | | |
| Kva | Korleis | Kven | Når |
| Informasjonsutveksling | Søknad og eventuelt utfylling av meldeskjema | Rådgivar USK | USK jan- mars |

Målretta tiltak

Målretta tiltak – for elevar med bekymringsfullt fråvær

Mål 1: **Eleven si stemme blir vektlagt** ved innsøking til VGO.

Legg vekt på karriererettleiing som bidreg til at eleven kan ta kvalifiserte val på bakgrunn av tilstrekkeleg kunnskap om innhaldet i utdanningsprogramma.

Mål 2: Sikre ein **føreseieleg overgang** ved å forberede eleven på kva som møte hen på skolen når det gjeld oppmøte, opplæring, rettigheter og plikter.

Mål 3: Sikre at fylkeskommunen (VGS) eller bedrift er **forberedt på erfaringar ungdommane har** med seg frå grunnskolen, gjennom gode samarbeidsrutinar for informasjonsutveksling.

Mål 1: Eleven si stemme og karriererettleiing

| Kva | Korleis | Kven | Når |
|--|--|--|----------------------------|
| Individuell orientering om innhald i utdanningsval og orienteringsmøte | Sette opp møte med elev/føresette om utdanningsval. Utarbeider skriftleg informasjon som eleven kan få med seg. | Rådgivar ved USK eventuelt i samråd med kontaktlærer | USK Sept- Nov |
| Eksempel på Karriererettleiing frå Nordmøre | Karriererettleiing og informasjonsoverføring for elevar med stort fråvær som skal søke fortrinn eller individuell vurdering innan 1. feb | Rådgiver ITO vgs og USK samarbeider om møteplan. I tillegg deltar PPT for USK OG VGS, elev, føresette og kontaktlærer USK | USK/ VGS Nov- Jan |
| Støtte elev slik at hospitering er gjennomførbart. Vurdere fleire dagar ved behov. | Lærer/tilsett ved USK, med god relasjon til eleven forbereder og følger eleven på hospitering i VGO. | USK avtaler med aktuell VGS | USK sept- nov |

| Mål 2: Føreseieleg overgang ved kjennskap til moglegheiter, rettigheter og plikter | | | |
|---|--|--|------------------------|
| Kva | Korleis | Kven | Når |
| Bli kjent med korleis ei skoleveke ser ut på aktuelle og interessante program for eleven og «typiske» lærebedrifter som tek imot elevane på de ulike programma. | Informasjon gjennom utdanningsval eller egne treffpunkt ved behov. | Rådgivar USK | USK Okt- des |
| Trygge elev og føresette om moglegheiter for alternative måtar å få opplæring på eks; tilpassa løp, praksisbrev, fagkompetanse i bedrift, opplæringskontrakt | Rådgivar/PPT inviterer elev til samtale undervegs i vurdering av utbytte og mål for opplæring. | Rådgivar og PPT | USK Okt- des |
| Lage ein realistisk opptrappingsplan for vurdering med karakter der det er mogleg for å forberede elev på overgang til vgo | Faglærer jobbar saman med å finne gode måtar for å vurdere eleven sin fagkompetanse på. | Kontaktlærer, faglærer, i samarbeid med rådgivar, PPT i klasseråd, ressursteam | usk Etter avtale |
| Mål 3: informasjonsutveksling og erfaringar | | | |
| Kva | Korleis | Kven | Når |
| Fråværsføring som kartlegger mønster, avtaler, utvikling. | Gode rutinar for fråværsføring. Qlik sense app | Kontaktlærer og faglærer Rektorar deligerer ansvar | USK Heile året |

| | | | |
|---|--|---|--|
| Sikre samtykke til overføring av informasjon, meldeskjema i forbindelse med innsøking til VGO | Innhente samtykke frå elev og ev. føresette. Vektlegg nyttig informasjon om både vanskar, styrker og tiltak som har fungert | Rådgivar på USK | USK Des- jan |
| Openheit om vanskar, og kva og Kven som kan hjelpe eleven på vegen. | Jamleg dialog i lærarråd, ressursteam og samtalar med elev/føresette om vanskar, styrker, og tiltak og evaluering av desse. | Kontaktlærer, faglærer, rådgivar, elev og føresette | VGS Heile året |
| Inntaksmøte | Inntaksmøte for elevar som har fått inntak med fortrinnsrett | Rådgivar for ITO, avdelingsleiar, PPT VGS. Elev, føresette og rådgiver/ lærar USK | VGS April- mai |
| Overføringsmøte | Overføringsmøte for elevar som har søkt om individuell vurdering. Presetere at inntak ikkje er kjørt, og at informasjon blir overført til aktuell skole/avdeling om inntak avviker frå ønske. | Rådgivar for ITO/ Avdelingsleiar/rådgivar ved VGS. PPT Vgs ved behov. Elev, føresette og rådgivar/Lærer USK | VGS juni |
| Gode rutinar for informasjonsdeling til lærarar. | Ut frå eleven sitt samtykke gi aktuelle lærarar tilgang til meldeskjema om tilretteleggingsbehov og arrangere klasselærarråd. | Avdelingsleiar VGS | VGS Aug- sep fort- løpan de |
| Forutsigbar skoleoppstart. | Besøk på VGS før oppstart. Møte kontaktlærer, sjå klasserom, plassering | Person med god relasjon til eleven blir med på VGS | VGS Jun- aug |

| | | | |
|--|---|---|---------------------------------|
| God plan og kontakt første skoledag | Sjekk inn på aktuelle elevar og legg inn små samtalar med elev gjennom første skoledag for å skape trygghet | Kontaktlærer VGS, eventuelt andre som har etablert kontakt med eleven frå skolen i forkant. | VGS aug |
| Trygt og godt læringsmiljø | Støtte seg til gode forskingsbaserte tiltak for gode læringsmiljø som skapar tydelege reglar og rutiner med konsekvente og varme lærarar. | Kontaktlærer og faglærer | VGS Heile året |
| Samarbeidsmøte om skolencærvær og fungering. | Fortsette med det som fungerer og justere om det er noko som ikkje fungerer. | Avdelingsleiar, kontaktlærer, føresette og elev. PPT og/eller OT kan delta ved behov. | Etter eigen skole-nærværær-plan |

Intensive tiltak

| Intensive tiltak – for elevar med komplekst fråvær | | | |
|--|--|--|------------------------|
| Mål 1: "Sikre at eleven kjenner til moglegheitene etter ungdomsskolen og medverkar i overgangen til vidare opplæring i skole eller bedrift. | | | |
| Mål 2: Sikre at fylkeskommunen (VGS eller OT) er forberedt på erfaringar ungdommane har med seg frå grunnskolen. | | | |
| Mål 1: Moglegheiter og medvirkning | | | |
| Kva | Korleis | Kven | Når |
| Få oversikt over kva som er realistisk for vidare opplæring i skole eller bedrift. | Møte mellom skole, heim og aktuelle aktørar for å samtale om motivasjon, ønsker og realistiske moglegheiter. Vilbli.no er en god ressurs i denne prosessen. | USK, rådgivar, elev, føresette, PPT og aktuelle samarbeidspartnarar (BUP, lege) | USK Okt-jan |
| Eksempel på Karriererettleiing frå Nordmøre | Karriererettleiing og informasjonsoverføring for elevar med stort fråvær som skal søke fortrinn eller individuell vurdering innan 1.feb | Rådgiver ITO VGS og USK samarbeider om møteplan. I tillegg deltar PPT for USK OG VGS ,elev, føresette og kontaktlærer USK | USK/ VGS Nov-jan |
| Ut frå kva som er realistisk og ønskeleg sikre at elev og føresette har: -tilstrekkeleg kunnskap om eit utval aktuelle utdanningsprogram -kjenner til alternative måtar å få opplæring og vurdering på. (Tilpassa løp, opplæring i bedrift, grunnkompetanse, opplæringskontrakt). | Gjennomføre digitalt møte dersom fysisk oppmøte er vanskeleg. Gi elev og føresette skriftleg informasjon i tillegg, slik at elev og føresette kan reflektere og få meir innsikt i utdannings-programma (vilbli.no) Prøve ut elev i alternativ arena der motivasjon og fungering i skole er låg/fråværande. | Rådgivar USK og OT, VGS, PPT | USK Sep-des |

| | | | |
|--|---|--|----------------------|
| -Avdelingar for alternativ opplæring -alternativ til VGS, eks. Folkehøgskole, kurs. | | | |
| Innsøking av elevar med individuell vurdering | Søkarmøte der søknad og vedleggskjema blir utfylt. | Rådgivar USK, elev evt føresette, PPT ved behov | USK 1.feb |
| Inntaksmøte | Inntaksmøte for elevar som har fått inntak med fortrinnsrett | Rådgivar for ITO, avdelingsleiar, PPT VGS. Elev, føresette og rådgiver/ lærar USK | VGS April- mai |
| Overføringsmøte | Overføringsmøte for elevar som har søkt om individuell vurdering. Presisere at inntak ikkje er kjørt og at informasjon blir overført til aktuell skole/avdeling om inntak avviker frå ønske. aktuell skole/avdeling om inntak avviker frå ønske. | Rådgivar for ITO/ Avdelingsleder/rådgiver ved VGS. Elev, føresette og rådgiver/Lærar USK Elev, føresette og rådgiver/Lærar USK | VGS juni |
| Treffpunkt på skole eller alternativ arena før oppstart | Skole/bedrift tar initiativ til å legge til rette for eit fysisk treffpunkt der ein kan bli litt kjent. Det kan hende at video av klasserom, skolearena i forkant kan være nødvendig i nokre tilfeller for å gjere det føreseieleg. | Avdelingsleiar/ kontaktlærar VGS eller OT/arbeidsgivar tek kontakt med elev, føresette eller annan vaksenperson som er trygg for eleven. | VGS juni- Aug |

| Mål 2: Informasjonsutveksling og erfaringar | | | |
|---|--|--|-------------------|
| Kva | Korleis | Kven | Når |
| Sikre samtykke til overføring av informasjon. | Innhente samtykke frå elev og eventuelt føresette i forbindelse med innsøking til VGO. | Rådgivar på USK | USK 1.feb |
| Åpenheit om vanskar, og kva og kven som kan hjelpe eleven på vegen. | Aktuelle lærarar får tilgang til søknadar om elevar med fortrinnsrett og meldeskjema i IOP-sky Vektlegg nyttig informasjon om både vanskar, styrker og tiltak som har fungert. Arrangere klasseLærarråd for utveksling av informasjon. | Rådgivar for individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) /avdelingsleiar Kontaktlærer, faglærer, rådgivar, avdelingsleder, PPT ved behov | VGS Heile året |
| Informasjonsrutinar mellom OT og VGS der elev ikkje tek imot skoleplass | Fylkeskommunen orienterer VGS og OT om elevane. Informasjonsdeling til aktuelle aktørar ved anna opplæringstilbod | Inntak, OT, Elev, føresette, PPT | Mai-juli |
| Oppmøtedag | Sjekk inn på aktuelle elevar og legg inn små samtalar med elev gjennom første skoledag for å skape tryggleik | Kontaktlærer, ev. anna støttepersonell i laget rundt eleven | VGS Aug |
| Trygt og godt læringsmiljø | Støtte seg til gode forskingsbaserte tiltak for gode læringsmiljø som skapar tydelege reglar og rutiner med konsekvente og varme lærarar. | Kontaktlærer og faglærarar | VGS Heile året |
| Samarbeidsmøte om skolenærvær og fungering. | Fortsette med det som fungerer og justere om det er noko som ikkje fungerer | Avdelingsleiar, kontaktlærer, føresette og elev. PPT og/eller OT kan delta ved behov. | Etter avtalt plan |



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no